



Statens vegvesen

Multiconsult
Postboks 6230 Sluppen
7486 TRONDHEIM

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
15/206354-1

Dykkar referanse:

Vår dato:
13.10.2015

Uttale til dispensasjon – Byggjegrense langs offentlig veg – gnr. 45 bnr. 170 – Radøy kommune

Statens vegvesen syner til brev mottatt 28. september 2015 med søknad om dispensasjon frå byggjegrense langs fylkesveg 410 Toskavegen i Radøy kommune.

Kva saka gjeld:

Multiconsult har på vegner av tiltakshavar Fiskenet A/S søkt om oppføring av bygg som skal nyttast til vaskestasjon på gnr 45 bnr 170 i Radøy kommune.

Bygget er 10*22m og har ei høgde på max 6,6m. Det er i søknaden synt to alternative plasseringar. I Alternativ 1 er bygget plassert inntil eksisterande bygningsmasse, om lag 11 m frå vegmidte. I Alternativ 2 er bygningsmassen plassert parallelt med fylkesvegen, om lag 6,5m frå vegmidte. I dette alternativet er bygningsmassen plassert om lag 2 m inn på naboeigedomen til Hordaland fylkeskommune (HFK), slik det går fram av eigedomsgrensene som er synt i kartet.

Tiltaket ligg i eit område som er avsett til trafikkområde jf. Kommunedelplan (KDP) for Radøy. Tiltaket må difor ha dispensasjon frå arealføremålet i KPD for Manger. Det er i same KDP skissert framtidig gang / sykkelveg forbi området. Området er elles ei fylling i sjø og ligg ved moloen som går over til Toska.

Opplysningar om saksgang:

Før Statens vegvesen handsamar søknader etter veglova, skal søknaden vere avklart etter plan- og bygningslova og anna relevant lovverk som kommunen forvaltar. Søknad om lager må i første omgang handsamast som ein dispensasjon etter plan- og bygningslova i Radøy kommune. Statens vegvesen har rett til å uttale seg i dispensasjonssaker som vedkjem vårt saksområde. Vi har også klagerett i slike saker. Nedanfor følgjer ein førehandsuttale i denne saka.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Førehandsuttale til handsaming etter plan- og bygningslova:

Tekniske opplysningar:

Fylkesveg 410 Toskavegen er smal på gjeldande strekning, om lag 3,5 m. Vegen går på ei fylling og vidare på molo ut til Toska. Det er steinblokker på begge sider av vegen. Fartsgrensa i området er 80 km/t og årstdøgntrafikk (ÅDT) er estimert til 300.



Vurdering:

Føremålet med byggjegranser langs veg er mellom anna omsynet til trafikktryggleiken, vegvedlikehald, arealbehov ved utbetring av vegen og miljøet langs vegen.

Vegen er klassifisert til **Haldningsklasse 4** (lite streng) jf. «*Rammeplan for avkøyrslar og byggjegranser på riks- og fylkesvegar i Region vest, 2013 - 2016*». Det vil mellom anna seie at vegen har funksjon som lokalveg, og at byggjegrensa i området er 15m. Rammeplanen er retningsgjevande for korleis vi handsamar søknaden, og Statens vegvesen vil ha ei streng haldning til dispensasjon frå denne byggjegrensa.

Tiltakshavar har uttrykt at dei føretrekker Alternativ 2 som ligg parallelt med fylkesvegen, og grunnlegg det ut i frå økonomiske omsyn. Dette alternativet ligg 6,5m frå vegmidte. I tillegg er bygningsmassen lagt over eigedomsgrensa til HFK, slik det er synt på kart vedlagt søknaden. Statens vegvesen forvaltar eigaransvaret til vegen på vegner av HFK. Statens vegvesen finn ikkje grunnlag for at det kan opnast for å gje dispensasjon etter alternativ 2.

Alternativ 1 er plassert inntil eksisterande bygningsmasse, og er trekt 11,5m vekk frå vegmidte. Etter ei samla vurdering meiner Statens vegvesen at det kan opnast for å gje dispensasjon frå byggjegrensa etter dette alternativet.

Vidare saksgang for handsaming av saka etter veglova:

Statens vegvesen utsetter vidare handsaming av søknad om dispensasjon etter veglova til saka er avklart etter plan- og bygningslova frå kommunen si side.

Dette brevet skal sendast som vedlegg til søknad om tiltak etter plan- og bygningslova. Søknaden skal sendast Radøy kommune. Statens vegvesen vil ha kommunen sitt vedtak sendt over for eventuell klagebehandling.

Når det føreligg eit endeleg vedtak etter plan- og bygningslova må då sendast ny søknad til Statens vegvesen med kartvedlegg som syner godkjent plassering av tiltaket.

Med helsing

Odd Høydalsvik
sjefsingeniør

Tone Bøyum
overingeniør

Kopi :
Radøy kommune, Krossvegen 8, 5936 MANGER

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.